

---

Vår referanse 2021/21758-2  
Dato 24.06.2021

---

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjonssøknad - ny avkøyrslse - gnr 330 bnr 2 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til førespurnad frå Alver kommune om uttale til dispensasjons-søknad, datert 27.05.2021.

Det er søkt om ny avkøyrslse frå kommunal veg KV2133 og dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på 15 meter knytt til same søknad.


### Planstatus

Eigedomen er delvis regulert som LNF i detaljreguleringsplan «KV1133 Myrvollane til Hestdalen» med planID 125620180003, vedteke 12.12.2018. Resten av eigedomen er uregulert og ligg i område avsett til LNF føremål i kommunedelplan for Meland. Tiltaket ligg og i omsynssone for Rylandsvassdraget.

### Uttale

Eigedomen er regulert og har tilkomst via kommunal veg, difor skal dispensasjonen behandlast av kommunen. Reguleringsplanen strekker seg til krysset mellom kommunal veg Håtuftvegen og fylkesveg 5312 Melandsvegen.

Vi ser at krysset mellom kommunal veg og fylkesveg er flytta lengre vest i forhold til dagens situasjon av krysset. Føresegna til planen seier ikkje noko om rekkefølgekrav til opparbeiding av krysset. Men tiltaket som det er søkt om vil ikkje ha noko å sei for auka trafikk i krysset fordi eksisterande avkøyrslse vert erstatta med ny.



Utsnitt frå detaljreguleringsplanen

Vestland fylkeskommune, avdeling for infrastruktur og veg, har ingen merknadar til det omsøkte tiltaket som krev dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg og flytting av eksisterande avkøyrslé.

Men vi legg til grunn at krysset mellom kommunal veg og fylkesveg skal flyttast og opparbeidast i samsvar med reguleringsplanen, ved etablering av vassbehandlingsanlegg og tilhøyrande infrastruktur som er føremålet med reguleringsplanen.

Vi ber om å få svar i saka sendt over når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*